



Saksbehandlar: Oddveig Hove, Monica Åsnes - Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8263-7

**Tilrettelagd transport 2015**  
**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1 Fylkeskommunen yter tilskot til tilrettelegging av drosje for transport av rullestol slik:

a	Harald Hauge, Sandane, ny bil + trepunktsele i eldre bil	kr 40 000
b	Sande Taxi, John Yndestad, S-707 ny bil	kr 27 945
c	Aud Fløtre, Byrkjelo, S-436	kr 11 850
d	Kjell Åge Fluge, S-736 ny bil	kr 10 338
e	Endre Råheim, S-716 ny bil	kr 27 945
f	Anne-Lise Elide, S702 ny bil	kr 24 624
g	Jan Geir Solheim, S-46 ny bil	kr 41 080
h	Måløy Taxisentral AS, minibuss ny bil	kr 36 456
i	<u>John Terje Hamre, Selje, S-728 ny bil</u>	<u>kr 60 840</u>
<b>Til saman</b>		<b>kr</b>
<b><u>281 078</u></b>		

2 Fylkeskommunen yter ikkje tilskot til følgjande:

- a Sam Andal, søknad om tilskot til drosje, kjøp av bruktbil i 2014, bilen var tilrettelagd for rullestol registrert i 2007.
- b Førde Turbil Central AS, søknad om tilskot til drosje.
- c Magne Brun, søknad om tilskot til drosje, bilen er brukimportert og var tilrettelagd for rullestol ved kjøp.
- d Orazio Elide, søknad om støtte til turvogn.
- e Sande Taxi, søknad om støtte til turvogn.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:  
Søknadane

**SAKSFRAMSTILLING**

**1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

I «Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m.v.» går det fram at det er spesielle krav til bil for transport av personar med nedsett funksjonsevne.

Dette er ein ekstrakostnad for utøvaren, og kan vere særleg "tung" for drosjeeigarar.

Hovudutval for samferdsle har gitt løyve til å nytte inntil kr 1 500 000 av fondsmidlar til tilrettelegging av drosjar i 2015.

Fylkessdirektøren har i brev 26.08.2015 gått ut med invitasjon til å søkje om tilskot. Alle drosjeeigarane som har løyve med krav om tilrettelegging for rullestol, vart inviterte til å søkje. Løyvehavar kan få dekka inntil 40% av kostnaden med tilrettelegging av bil. Søknadsfristen vart sett til 21.09.2015. I brevet står det at kvittering på utført tilrettelegging må leggjast ved søknaden.

Det er kome inn søknad frå 14 drosjeeigarar innan fristen.

Søknadsbeløpet som er oppgitt her er eks. mva.

a	Harald Hauge, Sandane, ny bil + trepunktssæle i eldre bil	kr 100 000
b	Sande Taxi, John Yndestad, S-707 ny bil	kr 93 149
c	Sande Taxi, John Yndestad, turvognløyve	kr 87 852
d	Aud Fløtre, Byrkjelo, S-436	kr 37 032
e	Kjell Åge Fluge, S-736 ny bil	kr 32 817
f	Endre Råheim, S-716 ny bil	kr 93 149
g	Anne-Lise Elide, S702 ny bil	kr 76 950
h	Jan Geir Solheim, S-46 ny bil	kr 102 700
i	Måløy Taxisentral AS, minibuss ny bil	kr 91 140
j	John Terje Hamre, Selje, S-728 ny bil	kr 152 100
k	Orazio Elide, turvogn	kr 145 935
l	Førde Turbil Central AS, turvogn	kr 27 499
m	Sam Andal, bruktbil ferdig oppbygd	kr 13 662
n	<u>Magne Brun, bruktimportert ferdig oppbygd</u>	kr 98 771
<b>Tilsaman eks. mva.</b>		<b>kr1 076 413</b>

## **2. Vurdering**

Drosjeløyve er eit behovsprøvd løyve, dvs. tal drosjeløyve i Sogn og Fjordane er vurdert utifra behov. Turvognløyve har inga avgrensing. Du treng ikkje å vere drosjeeigar for å söke om turvognløyve. Drosjeløyve har til dømes krav om taksumeter og driveplikt 24 timer 7 dagar i veka. Dette gjeld ikkje for turvognløyve.

Det vert ikkje gjeve tilskot til ombygging av turvogn.

Søknaden frå Orazio Elide får avslag på bakgrunn av at denne bilen går som turvogn og ikkje som drosje.

Sande Taxi, John Yndestad har søknad som gjeld både drosje og turvogn. Sande Taxi får avslag på søknaden som gjeld turvogn.

Magne Brun har kjøpt bruktbil som er ferdig tilrettelagt. Kostnad med tilrettelegging ligg inne i kjøpssummen. Magne Brun får avslag på søknaden.

Sam Andal har søkt om tilskot til ombygging av drosje, samla sum er kr 51 452 m/mva. Som dokumentasjon er det lagt ved to fakturaer. Den eine fakturaen er stila til Sam Andal som er innehavar av drosjeløyve. Faktura nr 2 er stila til Førde Turbil Central AS, dagleg leiar Sam Andal. Førde Turbil Central AS har ikkje drosjeløyve. Det vart meldt oppbod i Førde Turbil Central AS hausten 2014. Førde Turbil Central AS konkursbo er registrert 06.10.2014 i Brønnøysundregistrene. Førde Turbil Central AS får ikkje tilskot.

Sam Andal har kjøpt bruktbil som var ferdig tilrettelagt i 2007. Kostnad med tilrettelegging ligg inne i kjøppsummen. Sam Andal får avslag på søknaden.

#### **4. Konklusjon**

1 Fylkeskommunen yter tilskot til 9 av søkerne, kvar med 40 % av søknadsbeløpet:

a	Harald Hauge, Sandane, ny bil + trepunktsele i eldre bil	kr 40 000
b	Sande Taxi, John Yndestad, S-707 ny bil	kr 27 945
c	Aud Fløtre, Byrkjelo, S-436	kr 11 850
d	Kjell Åge Fluge, S-736 ny bil	kr 10 338
e	Endre Råheim, S-716 ny bil	kr 27 945
f	Anne-Lise Elide, S702 ny bil	kr 24 624
g	Jan Geir Solheim, S-46 ny bil	kr 41 080
h	Måløy Taxisentral AS, minibuss ny bil	kr 36 456
i	<u>John Terje Hamre, Selje, S-728 ny bil</u>	kr 60 840
<b>Tilsaman</b>		<b>kr 281 078</b>

2 Fylkeskommunen yter ikkje tilskot til 5 av søkerne:

- a Sam Andal, kjøpte bruktbil i 2014 som var tilrettelagt for rullestol. Bilen var første gong registrert i 2007 som privat bil med tilrettelegging for rullestol.
- b Førde Turbil Central AS får avslag på søknad.
- c Magne Brun, bilen er brukt-importert og var tilrettelagt for rullestol ved kjøp.
- d Orazio Elide, Eikefjord, bilen skal nyttast på eit turvognløyve.
- e Sande Taxi, søknaden gjeld støtte til turvogn.

Tilskotet vert utbetalt når ombygd bil er levert til løyvehavaren.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)